

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.02.2018

Saka var unnateke offentleggjering etter offentleglova § 26, 2. ledd. Etter kommunelova § 31 nr. 2 vart møtet difor lukka under behandlinga av saka.

Juryen for miljøprisen, **Jon Askeland (Sp)**, **Marthe Hammer (SV)** og **Geir Angeltveit (V)** sette fram slikt forslag:

«Miljøpris Hordaland 2017 vert tildelt arbeidet rundt ein tematikk som har fått auka merksemd dei siste åra. Matsvinn hjå einskildpersonar og bedrifter og svinn og auka forbruk generelt er både eit stort klimaproblem, eit problem for lommeboka og eit ressursfordelingsproblem på verdsbasis.

Miljøpris Hordaland 2017 vert tildelt to dyktige kvinner som har evna å kombinera idealistiske verdiar og miljøengasjement med nytt innovativt entreprenørskap.

Mette Nygård Havre (tidlegare kommunikasjonsdirektør i BIR) er leiar av firmaet Grønne Verdier. Gjennom firmaet sitt og folkeopplysningsbevegelsen #spisoppmaten har ho verkeleg sett matsvinn på den norske agendaen. Ho og familien har titals tusen følgjarar på sosiale medium og er i mediabiletet stadig vekk, t.d. på God Morgon Norge, debattar og radiointervju. Ho har fått både Q-meieria(Kavli) og Tine-meieria til å endra datomerking frå: " Best før" til "Best før men ikkje dårleg etter".

Kristine Ullaland er CEO og stiftar av Zero Waste Norge AS, eit ungt firma basert på idealistiske verdiar. Zero Waste Norge sitt mål er å stoppa utvinning og forbruk av unødvendige ressursar, og dermed spara miljøet for dei negative konsekvensane dette fører med seg. Dei er i gang med å utvikla et program med særskilt fokus på korleis bedrifter kan redusere svinn, råvarebruk, avfall, utslepp og energiforbruk.

Mottakarane av Miljøpris 2017 er gode og inspirerande førebilete til at det nyttar å engasjera seg som privatperson i miljøvernarbeidet, og at me alle dermed kan utgjera den viktige skilnaden i å omsetja FN sine berekraftmål til lokal handling. I tillegg viser prismottakarane også at miljøvernarbeidet har potensiale for innovasjon og grunderskap.»

Det var 14 representantar til stades.

Røysting

Juryen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Utval for miljø og samferdsel tildeler Hordaland fylkeskommune sin miljøpris til Mette Nygård Havre og Kristine Ullaland.
2. Juryen si grunngjeving:

Miljøpris Hordaland 2017 vert tildelt arbeidet rundt ein tematikk som har fått auka merksemd dei siste åra. Matsvinn hjå einskildpersonar og bedrifter og svinn og auka forbruk generelt er både eit stort klimaproblem, eit problem for lommeboka og eit ressursfordelingsproblem på verdsbasis.

Miljøpris Hordaland 2017 vert tildelt to dyktige kvinner som har evna å kombinera idealistiske verdiar og miljøengasjement med nytt innovativt entreprenørskap.

Mette Nygård Havre (tidlegare kommunikasjonsdirektør i BIR) er leiar av firmaet Grønne Verdier. Gjennom firmaet sitt og folkeopplysningsbevegelsen #spisoppmaten har ho verkeleg sett matsvinn på den norske agendaen. Ho og familien har titals tusen følgjarar på sosiale medium og er i mediabiletet

stadig vekk, t.d. på God Morgon Norge, debattar og radiointervju. Ho har fått både Q-meieria(Kavli) og Tine-meieria til å endra datomerking frå: " Best før" til "Best før men ikkje dårleg etter".

Kristine Ullaland er CEO og stiftar av Zero Waste Norge AS, eit ungt firma basert på idealistiske verdiar. Zero Waste Norge sitt mål er å stoppa utvinning og forbruk av unødvendige ressursar, og dermed spara miljøet for dei negative konsekvensane dette fører med seg. Dei er i gang med å utvikla et program med særskilt fokus på korleis bedrifter kan redusere svinn, råvarebruk, avfall, utslepp og energiforbruk.

Mottakarane av Miljøpris 2017 er gode og inspirerende førebilete til at det nyttar å engasjera seg som privatperson i miljøvernarbeidet, og at me alle dermed kan utgjera den viktige skilnaden i å omsetja FN sine berekraftmål til lokal handling. I tillegg viser prismottakarane også at miljøvernarbeidet har potensiale for innovasjon og grunderskap.